

Referat frå FAU-møte 18.10.2023

Til stades: alle trinn var representert, rektor Gunn Marit Haugsbø og kommunalsjef for skule Åge Stafsnes.

1. Konstituering

Ludvik Slettehaug (10.trinn), leiar.
Katrine Frammarsvik (1.trinn), nestleiar.
Veronika Leknes Kalland (2.trinn), styremedlem.
Camilla Ødven Snildal (8.trinn), styremedlem.

2. Trafikksikkerheit ved Åge Stafsnes

Informerte om «hjarteseone», som er eit samarbeid med Trygg Trafikk og skulen. Sette opp eit stort hjarte-skilt, endre haldningane til køyring i foreldregruppa. Trygg Trafikk er med i prosessen, materiell og diverse. Ved Vassenden og Sunde skule er det etablert «hjarteseone». Høyre med dei om erfaringar? Åge Stafsnes koblar kontakt mellom Trygg Trafikk og FAU-leiar.

[Hjerteseone - tryggere skolevei • Trygg Trafikk](#)

Ulike alternativ vart diskutert, ang. løysning på trafikksikkerheita. Åge Stafsnes tar med seg desse forslaga vidare. Han skal sjekke ut om det er moglegheit for einvegskøyring langs kyrkja/Ice Audio.

Elles fortalde Stafsnes at han vil prøve å få i gong KFU, kommunalt foreldreutval, igjen. Han sender ein invitasjon til FAU-leiar.

3. Gjennomgang av vedtektene

[vedtekter-fau-ved-naustdal-skule-pr-sept-2022.docx \(live.com\)](#)

Vart gjort ei endring, §4 Val av FAU-styre, «*Styret sin totale samansetning skal ideelt vere jamt fordelt mellom stega, med tre frå barnesteget og to frå ungdomsskulen, eller omvendt*», vert endra til; «*Styret sin totale samansetning skal ideelt vere jamt fordelt mellom dei tre hovudsteg, barnetrinn, mellomtrinn og ungdomsskulen*». Endringa var einstemmig vedtatt på møtet.

4. Kva vil FAU jobbe vidare med?

- Hjarteseona, som vi fekk presentert av Åge Stafsnes.
- Nyttårsball, kva er FAU si rolle her? Samarbeid med elevråd.
- Bruken av teams i forbindelse med heimearbeid for elevar. Kan elevar bruke skule-pc heime? Behov for opplæring for foresatte? Rutinar kring dette på mellomtrinnet spesielt.

Referent: Camilla Ødven Snildal